



Arkivnr: 2014/15084-5  
Saksbehandlar: Stanley Hauge

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2016
Fylkestinget		14.06.2016

## Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Årsmeldinga gjev oversyn over fylkeskommunal aktivitet gjennom året og rekneskapen til Hordaland fylkeskommune for 2015.

Rekneskapen kom ut med overskot på 68,5 mill. kr trass i at drifta i dei ulike sektorane gjekk med underskot. Btre skatteinngang og lågare pensjonskostnader enn budsjettert gav likevel eit positivt resultat. Netto driftsresultat auka frå 0,7 % i 2014 til 2,1 % i 2015. Trass denne betringa i netto driftsresultat har fylkeskommunen avgrensa handlingsrom og lita evne til å tole svingingar i økonomien. Den samla lånegjelda var ved utgangen av 2015 på over ni milliardar kroner.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune

## Fylkesrådmannen, 07.04.2016

Årsmeldinga for 2015 gjev eit samla økonomisk oversyn over drift og investeringar og nærare omtale av aktivitetar og økonomisk resultat for kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2015 vart gjort opp med brutto driftsutgifter på 7 640 mill. kr og samla inntekter på 8 315 mill. kr. Investeringane var rekordhøge – på i overkant av 4,2 milliardar kroner. Lånegjelda auka til vel 9 mrd. kr, ein auke på om lag 900 mill. kr frå 2014.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune auka frå 52,3 mill. kr (0,7 %) i 2014 til 171,9 mill. kr (2,1 %). Førebels tal for landet viser auke i netto driftsresultat på 2,8 % til 4,3 % i gjennomsnitt for alle fylkeskommunane. Hordaland har frå 2014 til 2015 hatt ei positiv utvikling som er heilt parallell med landsgjennomsnittet. Vi ligg likevel klart under det tilrådde nivået på 4 %.

Driftsutgiftene auka med 3,9 % frå 2014 til 2015, medan inntektene auka med 5,6 %. Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 41,4 % og 38,4 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter. Samferdsel hadde den klart sterkaste utgiftsveksten med 7,3 %.

Alle tenestesektorane fekk i 2015 underskot i høve til budsjettet – samla på heile 87 mill. kr.

Samferdselssektoren hadde den største svikten i høve til budsjettet med 43,2 mill. kr som i hovudsak gjeld drift og vedlikehald av fylkesvegane. Samla overskriding for opplæringssektoren var 33,9 mill. kr. 14 skular hadde underskot og utbetaling av lærlingtilskot vart vesentleg høgare enn budsjettet.

Netto renteutgifter viste innsparing på 25,8 mill. kr. Budsjettet til lønsavsetjingar og pensjon viste innsparing på 80,4 mill. kr. Lågare kraftprisar førte til svikt i konsesjonskraftinntektene på vel 17 mill. kr.

Investeringane til Hordaland fylkeskommune var i 2015 på rekordhøge 4 217 mill. kr, vel 500 mill. kr meir enn i 2014. Heile 3 445 mill. kr gjekk til investeringar innan samferdsel og 689 mill. kr til opplæringssektoren. Som følge av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelda passert 9,1 mrd. kr. I 2015 betalte fylkeskommunen 330 mill. kr i avdrag på lån og 173,5 mill. kr i netto renteutgifter. I snitt har summen av renter og avdrag auka med 45 mill. kr årleg i fireårsperioden 2012-2015.

Ved utgangen av 2015 hadde Hordaland fylkeskommune disposisjonsfond på 234 mill. kr, dvs. 2,8 % av driftsinntektene. Året før var disposisjonsfonda 343,4 mill. kr (4,4 %).

Det positive rekneskapsresultatet påverkar i liten grad den krevjande økonomiske situasjonen Hordaland fylkeskommune er oppe i. Stram økonomistyring må difor framleis ha høg prioritet, samstundes som det målretta arbeidet med å betre driftsøkonomien og fylkeskommunen sine tenester held fram. Fylkeskommunen må også bremse investeringstakta.

Fylkeskommunen har lagt bak seg eit godt arbeidsår i 2015, her vil fylkesrådmannen kort trekkje fram nokre moment i årsmeldinga:

- Kollektivtrafikken hadde eitt nytt år med vekst på rundt 3 % i passasjertala. Særleg snøggbåtane og Bybanen hadde stor vekst.
- Det vart lagt ny asfalt på 100 km fylkesveg.
- Hordaland fylkeskommune leier omstillingsarbeid i seks fylke som er råka av nedgangen i petroleumsnæringa.
- Klimagassutsleppa frå fylkeskommunale eigedomar gjekk ned med 3 %.

- Verdas største hurtigladestasjonen for elbilar opna på Danmarks plass i Bergen.
- Nye nettsider for 46 vidaregåande skular.
- 88 % av dei vidaregåande skulane gjennomførte internasjonal aktivitetar.
- Hordaland er det største vaksenopplæringsfylket i landet med over 3000 kursplassar.
- Fylkeskommunen fordelte 112 mill. kr i spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
- Satsing i tannhelseteneste på førebyggjande og helsefremjande arbeid har gjeve gode resultat for tannhelsa i Hordaland.
- Tannlegevakten i Bergen flytta til nye lokale i oktober 2015.
- Sjukefråværet i fylkeskommunen var på 6,05 %, opp frå 5,47 % i 2014.
- Talet på utførde årsverk og tal tilsette gjekk litt opp frå 2014.

For andre resultat og omtale av viktige aktivitetar i Hordaland fylkeskommune viser fylkesrådmannen til den fullstendige årsmeldinga som er lagt ved denne saka. Sjølve årsrekneskapen for 2015 vert lagt fram i eiga sak til fylkestinget i juni.

Fylkeskommunen si årsmelding for 2015 føreligg både som pdf-fil (vedlagt), eit mindre opplag i trykt form, og nytt i år er at ho kan lesast som e-magasin på nettsidene våre.

Årsmelding som e-magasin, sjå:

[https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/hfk\\_aarsmelding2015\\_web-versjon?e=23823142/34581576](https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/hfk_aarsmelding2015_web-versjon?e=23823142/34581576)